

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Opptakskontoret

Saksbehandler: Trine-Lise Brattested
Besøksadresse: B R A veien 4, 1757 HALDEN
Telefon: 69608374
E-post: trine.l.brattested@hiof.no

Deres referanse:

Vår referanse: 17/01366-4

Dato: 14.11.2017

Høyringsvar - forslag om endringar i opptaksforskrifta

Viser til høyringsbrev av 14. august 2017 og tilleggsbrev av 2. oktober 2017, med forslag til endringar i kapittel 2, 3, 4, 5 og 7.

HiØ har følgjande merknader:

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

§ 2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

HiØ meiner at det er uheldig at forskrifta eksplisitt sei at feil skal gi rett til generell studiekompetanse, og støttar derfor ikkje forslaget.

HiØ forstår at det kan virke urimelig for søkjarar som har bestått høgre utdanning at dei må tilbake til vidaregående opplæring for å ta fag for å få nytt opptak. Samstundes påpeker vi at GSK er det normale grunnlaget for opptak til høgre utdanning, og i henhold til forvaltningslova § 35 kan institusjonar gjere om på vedtak som er fatta på feil grunnlag. Søkjarar som ved ein feil har fått opptak til høgre utdanning har rett på å få fullføre denne utdanninga til tross for at de ikke fyller opptakskravet, men vi meiner ikkje at det skal gis unntak for generell studiekompetanse for nytt opptak.

Viss ei slik regelendring likevel skal gjerast, er det nødvendig å utgreie nærmare kva som ligg i omgrepet «feil», kva slags feil som kan utløyse rett til GSK, og om det er typar av feil som ikkje bør eller skal vere omfatta av forslaget.

§ 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

HiØ erfarer at det er svært ulikt innhald i dei ulike fagretningane i fagskulane. I tillegg inneheld ikkje godkjenningsordninga av utanlandsk fagskoleutdanning eit krav om norskkunnskapar. For utanlandske søkjarar risikerer ein med den foreslegne endringa i opptaksforskrifta at søkjarar oppnår generell studiekompetanse utan å kunne dokumentere tilstrekkeleg norskkunnskapar.

HiØ foreslår derfor det stilles krav til dokumenterte norskkunnskaper på same måte som ved opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning.

HiØ foreslår derfor i staden følgende:

«Søkjarar som har fullført 2-årig fagskoleutdanning (120 fagskolepoeng) som er godkjend etter lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning, **får generell studiekompetanse såframt dei har dokumenterte norskkunnskaper.**»

HiØ ønskjer vidare at det i merknad til forskrifta skal presiseres at utanlandske søkjarar må dokumentere norskkunnskapar iht. § 2-2.

Kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse

HiØ har ingen kommentarar til foreslåtte endringar i kapittel 3.

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

HiØ har ingen kommentarar til foreslåtte endringar i kapittel 4.

Kapittel 5 Opptak på visse vilkår

§ 5-1 Opptak på visse vilkår

Vi er einig i at søkjarar må oppfylle spesielle opptakskrav i form av karakterkrav eller krav om eit minimum av skolepoeng. HiØ støttar derfor forslag til endring i § 5-1.

§ 5-3 Opptak på visse vilkår for søkjarar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk

HiØ er positive til at det vert høve til å gi lovnad om opptak på visse vilkår til søkjarar som treng visum for å komme til Noreg. Samstundes meiner vi at det må presiserast at det berre kan gis tilbod om ordinære studier påfølgjande studieår ved same institusjon hvor søkjaren har fått plass på årskurs i norsk.

Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak

§ 7-5 (2) Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring, og § 7-6 (2) Karakterpoeng for 23/5-søkjarar

HiØ støttar ikkje forslag til endring.

Når vi berre tar med karakterer på høgste nivå sikrer vi likebehandling av alle søkjarar uavhengig av hva reform og hva dokumentasjon søkjaren har; men vi ser problemet med formuleringa «For fellesfag skal berre karakter (ar) på høgste nivå inngå i berekninga av karakterpoeng» angående fellesfaga naturfag og matematikk (frå både Kunnskapsløftet og Reform 94).

I Reform 94 (R94) kan matematikkfaget anten førest med karakter på høgste nivå (5 timer), eller med karakter på begge nivå; til dømes Matematikk 1Y (timer) og Matematikk 1M (3 timer).

I Kunnskapsløftet (KL) har vi samme problem med matematikk og naturfag, der faga kan være ført med karakter i begge modulane. Til dømes kan matematikk være ført berre med karakter på høgste nivå, eller med karakter på lavere nivå; matematikk 1P og matematikk 2P. Det same gjeld for naturfag, som anten kan førast med samla 140 årstimer, eller naturfag (56 årstimer) og naturfag (84 årstimer).

Oppnådd generell studiekompetanse kan dokumenterast på ulike måter; nokre eksemplar:

- Handel og kontor, vitnemål for alle tre åra
- R94, Yrkesfag + påbygg til generell studiekompetanse kan ha fleire ulike varianter av dokumentasjon:
 - Kompetansebevis/årskursbevis GK + kompetansebevis VKI + kompetansebevis allmennfaglig påbygging
 - Samla kompetansebevis for GK og VKI + kompetansebevis for allmennfaglig påbygging
 - Samla vitnemål for GK, VKI og VKII allmennfaglig påbygg
- KL, Yrkesfag + påbygg til generell studiekompetanse kan ha fleire ulike varianter av dokumentasjon:
 - Vitnemål for fullført og bestått yrkesutdanning + kompetansebevis for påbygg til generell studiekompetanse
 - Samla vitnemål for fullført og bestått yrkesutdanning og generell studiekompetanse

Ved å fjerne teksten «For fellesfag skal berre karakter (ar) på høgste nivå inngå i berekninga av karakterpoeng», vil alle variantene angitt over få ulik poengberekning. Søkjarar som i utgangspunktet har same bakgrunn vil altså bli vurdert ulikt; søkjarar som har kompetansebevis/vitnemål frå lavere årskurs vil altså få fordel av å få med karakterane i fellesfag på lavere nivå, med ein søkjarar som har fått eit samla vitnemål ikkje vil få denne fordel.

Vi erfara ofte at søkjarar har betre karakterar på lågare nivå, og det vil derfor lønne seg for dei å dokumenter kvart einskild nivå separat. Dette vil ikkje vere mogleg for fleire søkjarar, da VGS kan nekte å utstede kompetansebevis dersom eleven har vitnemål.

En slik endring vil også medføre at institusjonane må manuelt poengberekne flere søkjarar, då dei kan ha både eit elektronisk samla vitnemål som gjev generell studiekompetanse, men også kombinasjon av eit eller fleire kompetansebevis + vitnemål. Institusjonane må da poengberekne søkjaren ut i fra begge grunnlag, for så å nytta den poengberekninga som gir høgast rangering.

Slik vi forstår CERES/SOs ønskje er det ikkje denne løysinga dei ønskjer, men ein endring i formuleringa som sikrer at vi har løyve til å rekne med lågare nivå for matematikk og naturfag der dette er naudsynt. I kapittel 4.5 i retningslinjene for føring av vitnemål og kompetansebevis gitt av UDIR står det fylgjande: «Dere skal bare føre fellesfag på høyeste nivå dersom ikke annet fremgår av fastsatt vurderingsordning for faget». HiØ mener at vi må ta utgangspunkt i denne formuleringa med tanke på endring i regelverket.

Med utgangspunkt i UDIRs føringsregler foreslår HiØ følgjande endring:

§ 7-5 (2)

«For fellesfag skal berre karakter(ar) på høgste nivå inngå i berekninga av karakterpoeng, **dersom ikkje anna framgår av fastsatt vurderingsordning for faget.**»

§ 7-6 (2)

«For fellesfag skal berre karakter(ar) på høgste nivå inngå i berekninga av karakterpoeng, **dersom ikkje anna framgår av fastsatt vurderingsordning for faget.**»

HiØ foreslår vidare at det i merknad til forskrifta skal presiserast at dette berre gjeld faga naturfag og matematikk frå Reform 94 eller Kunnskapsløfte.

Viss ei slik regelendring likevel skal gjerast, er det nødvendig å utgreie nærmare korleis dette skal handterast for søkjarar med dei ulike variantene av dokumentasjon angitt over, korleis overlappende fag skal behandlast, og korleis ein skal sikre likebehandling av søkjarar.

§ 7-6 (3) Karakterpoeng for 23/5-søkjarar

Det anses som ein fordel at flest mulig søkjarar kan poengbereknas, og HiØ støtter forslag til endring.

§ 7-10 Tilleggs-poeng for alder

I dag tildelast alderspoeng på grunnlag av fødselsår, og derfor er det enkelt å tildele alderspoeng automatisk. Dagens ordning sikra effektivitet, likebehandling og minskar risikoen for feil sakshandsaming. HiØ meiner at ei endring slik departementet foreslår vil føre til et lite effektivt opptak, og mykje manuell oppfølging av opptaksarbeidet. Med manuell oppfølging aukar også risikoen for feil i sakshandsaminga. Dersom alderspoeng skal tildelast på bakgrunn av avslutta vidaregåande opplæring (vgo) må handsamar gjere ein manuell kontroll av alle søkjarar født i 1996 eller seinare. Denne gruppa kan potensielt få uttelling for 2 ekstra alderspoeng dersom dei har fullført vgo det året dei fylte 18 år. Dette vil være spesielt krevjande for søkjarar med vidaregåande skule frå utlandet.

CERES har simulert et opptak med de nye reglane, på grunnlag av opptakstal frå 2017. Resultatet av simuleringa viste at endringsforslaget ga marginale endringar for sluttresultatet av opptaket, jf. notat utarbeida av Ceres datert 11.11.2017.

HiØ ønsker ikkje en endring av føreseigna, der alderspoeng må bereknast manuelt etter avslutta vidaregåande skule, og støttar derfor ikkje forslag til endring i § 7-10.

§ 7-11 Tilleggs-poeng for høgre utdanning, eit år på folkehøgskole, sivilteneste eller militær førstegongsteneste

HiØ er i utgangspunktet positive til at søkjarar skal få tilleggs-poeng for fullført og bestått fagskuleutdanning, men stiller spørsmålsteikn knytta til dette sett i samanheng med forslag om endring i § 2-4. Tilleggs-poeng skal gis for utdanning e.l. ut over kvalifiserende utdanning. Dette er eit særskilt viktig prinsipp i opptak, då det er meininga at ordninga med tilleggs-poeng skal gje søkjarar med kompetanse ut over minimumskravet ein fordel i konkurransen. Dersom en søkjar får generell studiekompetanse på bakgrunn av fagskuleutdanning meiner HiØ at det ikke er rimelig å også gi tilleggs-poeng for denne utdanningen.

HiØ meiner derfor at det må presiserast at det kun kan gis tilleggs-poeng for fagskuleutdanning dersom dette ikkje er grunnlaget for opptak.

Med hilsen

Beth Linde
Studiedirektør

Trine-Lise Brattested
Rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og har derfor ikke håndskrevne signaturer.